

Tabell E-k

Indeks for berekna utgiftsbehov. Kommunane.

Tabellen viser samla indeks for berekna utgiftsbehov og dei ulike delindeksane, kommunane sin del av landets innbyggjarar per 1.7.2013 og kommunane sin del av det berekna utgiftsbehovet i 2014. Indeks for berekna utgiftsbehov (kol. 29) blir rekna ut ved hjelp av kostnadsnøkkelen for utgiftsutjamninga med tilhøyrande kriteriedata. For ein nærare omtale av utgiftsutjamninga visast det til innleiinga og den generelle omtalen av inntektssystemet.

Første steg i utgiftsutjamninga er å berekne den enkelte kommune sin del av den totale summen på landsbasis for det enkelte kriterium. Deretter blir den enkelte kommunes del av landets innbyggjartal rekna ut (det vil si innbyggjartalet i kommunen dividert med innbyggjartal i landet per 1. juli 2013).

Deretter blir det berekna ein indeks for det enkelte kriterium etter følgjande formel:

$$\text{Indeks}_k = \frac{\text{Kommunens del av kriterium}}{\text{Kommunens del av innbyggjarane}}$$

Ein kommune som har indeks lik 1,0 for kriteriet innbyggjarar 6-15 år har like stor del av landets 6-15 -åringar som av landets innbyggjarar totalt. Ein kommune med indeks lik 1,1 for same kriterium har 10 prosent større del av 6-15 åringane enn av landets innbyggjarar totalt. Ein kommune med indeks lik 0,9 for same kriterium har 10 prosent lågare del av landets 6-15 -åringar enn av innbyggjarane totalt. Indeks for berekna utgiftsbehov for kommune i blir rekna ut som eit vekta gjennomsnitt av indeksen for det enkelte kriterium etter følgjande formel:

$$\text{Indeks berekna utgiftsbehov}_i = \sum_{k=1}^{19} V_k * I_{ki}$$

V_k er kriterievekt for kriterium k , I_{ki} er indeks for kriterium k for kommune i .

Vekta for det enkelte kriterium er vist i kostnadsnøkkelen i tabellen under. Som det kjem fram av tabellen har innbyggjarar 6-15 år vekta 0,2864 eller 28,64 prosent av den samla kostnadsnøkkelen. Dette betyr at 28,64 pst. av det berekna utgiftsbehovet til kommunane på dei områda som blir dekkja av utgiftsutjamninga er knytt til talet på innbyggjarar i aldersgruppa 6-15 år.

Indeks for dei enkelte kriteria er vist i kolonne 1 til 28. Kriteria er definert, og kriterieverdiane er presentert, i tabell F-k.

Kostnadsnøkkel for kommunane 2014:

Kriterium	Vekt
Innbyggjarar 0-1 år	0,0054
Innbyggjarar 2-5 år	0,1261
Innbyggjarar 6-15 år	0,2834
Innbyggjarar 16-22 år	0,0205
Innbyggjarar 23-66 år	0,0921
Innbyggjarar 0-17 år	0,0021
Innbyggjarar 18-49 år	0,0055
Innbyggjarar 50-66 år	0,0068
Innbyggjarar 67-79 år	0,0494
Innbyggjarar 80-89 år	0,0702
Innbyggjarar 90 år og over	0,0451
Landbrukskriterium	0,0029
Reiseavstand innan sone	0,0128
Reiseavstand til nabokrets	0,0128
Basiskriterium	0,0223
Innvandrarar 6-15 år, ekskl. Skandinavia	0,0082
Norskfødde med innvandrarforeldre 6-15 år, ekskl. Skandinavia	0,0009
Dødelegheitskriterium	0,0436
Barn 0-15 år med einsleg forsørgjar	0,0112
Låginntektskriteriet	0,0060
Uføre 18-49 år	0,0044
Flyktningar utan integreringstilskot	0,0045
Opphopingsindeks	0,0134
Urbanitetskriteriet	0,0171
Psykisk utviklingshemma 16 år og over	0,0437
Ikkje-gifte 67 år og over	0,0414
Barn 1 år utan kontantstøtte	0,0295
Innbyggjarar med høgare utdanning	0,0187
<i>Sum</i>	<i>1,0000</i>

Kolonne 1 - Indeks for innbyggjarar 0-1 år (per 1. juli 2013)

Kolonne 2 - Indeks for innbyggjarar 2-5 år (per 1. juli 2013)

Kolonne 3 - Indeks for innbyggjarar 6-15 år (per 1. juli 2013)

Kolonne 4 - Indeks for innbyggjarar 16-22 år (per 1. juli 2013)

Kolonne 5 - Indeks for innbyggjarar 23-66 år (per 1. juli 2013)

Kolonne 6 - Indeks for innbyggjarar 0-17 år (per 1. juli 2013)

Kolonne 7 - Indeks for innbyggjarar 18-49 år (per 1. juli 2013)

Kolonne 8 - Indeks for innbyggjarar 50-66 år (per 1. juli 2013)

Kolonne 9 - Indeks for innbyggjarar 67-79 år (per 1. juli 2013)

Kolonne 10 - Indeks for innbyggjarar 80-89 år (per 1. juli 2013)

Kolonne 11 - Indeks for innbyggjarar over 89 år (per 1. juli 2013)

Kolonne 12 - Indeks for landbrukskriteriet

Kolonne 13 - Indeks reiseavstand innan sone

Kolonne 14 - Indeks reiseavstand til næraste nabokrets

Kolonne 15 - Indeks for basiskriteriet

Kolonne 16 - Indeks for innvandrara 6-15 år

Kolonne 17 - Indeks for norskfødde med innvandrarforeldre 6-15 år

Kolonne 18 - Indeks for dødelegheitskriteriet

Kolonne 19 - Indeks for barn med einsleg forsørgjar

Kolonne 20 - Indeks for låginntektskriteriet

Kolonne 21 - Indeks for uføre 18-49 år

Kolonne 22 - Indeks for flyktningar

Kolonne 23 - Indeks for opphopingsindeksen

Kolonne 24 - Indeks for urbanitetskriteriet

**Kolonne 25 - Indeks for personar med psykisk utviklingshemming,
16 år og over**

Kolonne 26 - Indeks for ikkje-gifte 67 år og over

Kolonne 27 - Indeks for innbyggjarar med høgare utdanning

Kolonne 28 - Indeks for barn 1 år utan kontantstøtte

Kolonne 29 - Indeks for berekna utgiftsbehov

Vekta gjennomsnitt av kolonnane 1 til 28. Talet blir vidare nytta i tabell A-k, kolonne 1.

Kolonne 30 - Del av innbyggjarar totalt, per 1. juli 2013 (promille).

Kolonne 31 - Del av berekna utgiftsbehov (promille)

Kommunen sin del av totalt berekna utgiftsbehov. Dette blir rekna ut ved å multiplisere kommunen sin indeks for berekna utgiftsbehov (kol. 29) med kommunen sin del av innbyggjarane (kol. 30).